

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunehuset
Møtedato: 26.03.03 **Tid:** 13.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Alle medlemmane møtte.

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar, administrasjonssjefen og leiar av teknisk eining.

Miljø- og landbrukssjefen var til stades ved handsaming av sak 8/03.

Møtet starta med synfaring på Lønnebakken i samband med handsaming av sak 7/03. Med på synfaringa var ordførar, leiar av teknisk eining og miljø- og landbrukssjefen.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28. mars 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Olaug K Øystese Nedslagsfeltet til vassverket på Rolvsvåg er det sikra? Korleis vert vidare utbygging.

Leiar av teknisk eining orienterte om at det må etablerast nytt inntak når tomtene i det øvste feltet vert lagt ut for sal. I denne omgang er det snakk om å få på plass den delen av tilkomstvegen som skal gå over areal som er tilrettelagt i dag.

Vigleik Tysseland etterspurde status for gjenbruksstasjon.

Etter siste tilbakemelding frå BIR skal stasjonen vera klar i juni.

Idar Reistad etterlyste bossrydding langs vegane. Han nemnde særleg buss-stoppa.

Det var semje om at det skulle rettast ein førespurnad til Statens Vegvesen med oppmoding om å rydda. Det bør og påpeikast at det burde settast opp bosskorger ved buss-stoppa.

Berit Hernes ønskte meir informasjon om bustadfeltet på Lønnebakken, og når tomtene skal lysast ut.

Leiar av teknisk eining orienterte om status pr. d.d., og at tomtene vert kunngjort når det vert aktuelt å opna opp for andre byggesteg.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

I tillegg til utsendt liste over dokument som skulle refererast vart desse sakene meldt utvalet:

- Fylkesmannen sitt vedtak i sak om **kårbu på Tysseland**
Ordføraren orienterte om saka og drøftingar knytt til vedtaket
- Klage på **reguleringsplan i Eikedalen, Haugen**
Leiar av teknisk eining orienterte om kva som har skjedd, m.a. at fylkesmannen har retta ein del spørsmål til kommunen i samband med at han vurderer ein innkomen klage m.a. på kommunal sakshandsaming.
- Reguleringsplan for **Rv 48** og innplassering i NTP
- **Bompengeprosjekt for Rv 7**, evt. plassering av bompengestasjon.
Ordførar i Kvam herad har kontakta ordføraren i Samnanger om dette prosjektet. Det er kalla inn til eit møte der Samnanger kommune vil vera representert.

Notat frå miljø- og landbrukssjefen vedkomande minikraftverk i verna vassdraget Eikedalselva med sideelvar som var sendt ut på førehand vart drøfta. Utvalet meiner at kommunen ikkje skal engasjera seg i denne saka no, men vente på pågåande vurderingar i NVE om det skal opnast opp for bygging av minikraftverk i verna vassdrag.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

| Utvalgssakstype/nr. | Arkivsaksnr. Tittel |
|----------------------------|---|
| 0007/03 | 02/00428 BUSTADOMRÅDE - HELGATONA. |
| 0008/03 | 02/00517 REGULERINGSPLAN FOR TYSSE - HANDSAMING I NATURUTVALET ETTER 1. GONGS HØYRING |
| 0009/03 | 03/00011 KONSESJON FOR OPPDRETT AV TORSK SAMNANGER KOMMUNE. |
| 0010/03 | 03/00026 DELINGSSAK GNR 3/31. |
| 0011/03 | 03/00078 DELINGSSAK GNR 34/97. |
| 0012/03 | 03/00095 DELINGSSAK GNR 43/142. |
| 0013/03 | 03/00114 DELINGSSAK GNR 24/1. |
| 0014/03 | 03/00135 DELINGSSAK GNR 24/1. |
| 0015/03 | 02/00080 INTERKOMMUNALT SAMARBEID PÅ VA SEKTOREN. |

0007/03

BUSTADOMRÅDE - HELGATONA.

Framlegg til vedtak::

Reguleringsplan for området Helgatonæ vist på plankart datert 20.01.03, revidert 17.02.03 og tilhøyrande planskildring og føresegner med same dato, vert lagt ut til 1. gongs offentleg ettersyn i perioden 01. – 31. april.

Område for kommunalteknisk verksemd må innarbeidast i planen før utlegging.

Planskildringa må referera til kommuneplanen og kva status området har i denne. Planskildringa må og nemna kva eigedommar som planområdet dekkjer. Dessutan må arealstorleiken på dei ulike formåla nemnast i planskildringa. Dette må rettast opp før planen vert lagt ut.

Handsaming i møte:

I forkant av handsaminga vart det teke synfaring på staden.

Idar Reistad sette fram slikt framlegg til vedtak:

Frå slutten av vegen i feltet må det sikrast offentleg tilgang til utmarka på austsida av reguleringsplanen.

Utvalet finn at framlegg til tilkomstvegar inn i feltet er svært problematiske å godkjenna. For grunngeving vert det vist til saksutgreiinga for alternativ 1, og for alternativ 2 vil framlegget føra til at tomt 1 i reguleringsplan for Lønnebakken vert svært forringa.

Før utvalet tek stilling til utlegging av planen, må det utarbeidast andre alternative tilkomstvegar.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke saman med dei to siste avsnitta i administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

Vedtak:

Område for kommunalteknisk verksemd må innarbeidast i planen før utlegging.

Planskildringa må referera til kommuneplanen og kva status området har i denne. Planskildringa må og nemna kva eigedommar som planområdet dekkjer. Dessutan må arealstorleiken på dei ulike formåla nemnast i planskildringa. Dette må rettast opp før planen vert lagt ut.

Frå slutten av vegen i feltet må det sikrast offentleg tilgang til utmarka på austsida av reguleringsplanen.

Utvalet finn at framlegg til tilkomstvegar inn i feltet er svært problematiske å godkjenna. For grunngeving vert det vist til saksutgreiinga for alternativ 1, og for alternativ 2 vil framlegget føra til at tomt 1 i reguleringsplan for Lønnebakken vert svært forringa.

Før utvalet tek stilling til utlegging av planen må det utarbeidast andre alternative tilkomstvegar.

0008/03

**REGULERINGSPLAN FOR TYSSE
- HANDSAMING I NATURUTVALET ETTER 1. GONGS HØYRING**

Framlegg til vedtak::

På grunnlag av dei merknadane som er komme inn ved 1. gongs høyring av reguleringsplan for Ytre Tysse, vert det sett i gong arbeid med nytt framlegg for 2. gongs høyring.

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta planframlegget og dei innkomne merknadane. I drøftingane kom ein m.a. med desse innspela: Utvalet ønskjer at det vert sett av areal til badeplass i Bakkefjæra, og at naustrekkja ved N1 vert redusert mot elva. Framlegg til parkeringsøy må reduserast og utforminga i framkant vert som kaikanten. Det må forsøkjast å få til fleire parkeringsplassar ved butikken, kanskje med utfylling i forkant av "vetlebua". Gangvegen langs strandlinja bør avgrensast slik at han ikkje går framom eksisterande bustadhus.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

På grunnlag av dei merknadane som er komme inn ved 1. gongs høyring av reguleringsplan for Ytre Tysse, vert det sett i gong arbeid med nytt framlegg for 2. gongs høyring.

0009/03

KONSESJON FOR OPPDRETT AV TORSK SAMNANGER KOMMUNE.

Framlegg til vedtak::

På grunn av pågåande arbeid med arealplan, samt alle merknadar til søknaden, finn me grunnlag for å utsetje avgjerda om godkjenning av AK- område. Endeleg avgjerd i søknaden om lokalitetar for oppdrett av torsk kan difor ikkje fattast før tidlegast når framlegg til kommuneplan - arealdelen vert fremja.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystest til framlegg til vedtak.

Vedtak:

På grunn av pågåande arbeid med arealplan, samt alle merknadar til søknaden, finn me grunnlag for å utsetje avgjerda om godkjenning av AK- område. Endeleg avgjerd i søknaden om lokalitetar for oppdrett av torsk kan difor ikkje fattast før tidlegast når framlegg til kommuneplan - arealdelen vert fremja.

0010/03

DELINGSSAK GNR 3/31.

Framlegg til vedtak::

Det vert med heimel i plan- og bygningslova, §§ 7 og 63, gitt løyve til å dela i frå ei tuft på om lag 2,3 daa på gnr/bnr 3/31 i Samnanger kommune.

Samnanger kommune tilrår fylkeslandbruksstyret, med heimel i jordlova § 12, å gi løyve til å dela i frå ei tuft på om lag 2,3 daa frå gnr/bnr 3/31 i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert med heimel i plan- og bygningslova, §§ 7 og 63, gitt løyve til å dela i frå ei tuft på om lag 2,3 daa på gnr/bnr 3/31 i Samnanger kommune.

Samnanger kommune tilrår fylkeslandbruksstyret, med heimel i jordlova § 12, å gi løyve til å dela i frå ei tuft på om lag 2,3 daa frå gnr/bnr 3/31 i Samnanger kommune.

0011/03

DELINGSSAK GNR 34/97.

Framlegg til vedtak::

Det er vert med heimel i pbl. § 63 ikkje gitt løyve til å dela 2 tufter i frå gnr/bnr 34/97 i Samnanger kommune.

Samnanger kommune vil stilla krav til at det vert utarbeidd reguleringsplan for hytteområde på ovansida av tunnelopning på riksveg 7 før det vert gitt løyve til frådeling.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det er vert med heimel i pbl. § 63 ikkje gitt løyve til å dele 2 tufter i frå gnr/bnr 34/97 i Samnanger kommune.

Samnanger kommune vil stilla krav til at det vert utarbeidd reguleringsplan for hytteområde på ovansida av tunnelopning på riksveg 7 før det vert gitt løyve til frådeling.

0012/03

DELINGSSAK GNR 43/142.

Framlegg til vedtak::

Kristian Haga vert i høve til pbl. § 63 og jordlova §§ 9,12 gitt løyve til å dele eit areal på om lag 490 m² i frå gnr/bnr 43/142 i Samnanger kommune. Parsellen skal nyttast til garasje og parkeringsplassar. Kjøpar av tufta er Ivar Berland.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak med ein liten endring. Utvalet viser til reguleringsplan for Ytre Tysse, og dei problema det er for bebuarane på Tysse til å skaffa seg parkeringsplass. Det er derfor ønskjeleg at arealet vert opna opp for parkeringsplassar også for andre enn eigar.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Kristian Haga vert i høve til pbl. § 63 og jordlova §§ 9,12 gitt løyve til å dele eit areal på om lag 490 m² i frå gnr/bnr 43/142 i Samnanger kommune. Parsellen skal nyttast til garasje, felles garasjar/parkingsplassar. Kjøpar av tufta er Ivar Berland.

0013/03

DELINGSSAK GNR 24/1.

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til pbl. § 63 gitt løyve til å dele 3 nausttufter frå gnr/bnr 24/1 i Samnanger kommune. Det totale arealet skal vera om lag 200 m².

Ved søknad om byggjeløyve må det søkjast til Statens vegvesen om dispensasjon frå byggjegrensa til fylkesveg. Det skal føreliggje areal til parkeringsplass, for kvart einskilt naust, ved søknad om byggjeløyve for naust. Nausta skal byggjast i stil med eksisterande naust i område.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak med eit tillegg om at det ikkje er høve til å innreia nausta til fritidsbustad.

Vedtak:

Det vert i høve til pbl. § 63 gitt løyve til å dele 3 nausttufter frå gnr/bnr 24/1 i Samnanger kommune. Det totale arealet skal vera om lag 200 m².

Det vert ikkje høve til å innreia andre høgda til fritidsbustad.

Ved søknad om byggjeløyve må det søkjast til Statens vegvesen om dispensasjon frå byggjegrensa til fylkesveg. Det skal føreliggje areal til parkeringsplass, for kvart einskilt naust, ved søknad om byggjeløyve for naust. Nausta skal byggjast i stil med eksisterande naust i område

0014/03

DELINGSSAK GNR 24/1.

Framlegg til vedtak::

Det vert i høve til pbl. § 63 gitt løyve til å dela i frå eit areal på om lag 1000 m² frå gnr/bnr 24/1 i Samnanger kommune. Tuft skal nyttast til kommunalt vassverk. Kjøpar av tufta er Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert i høve til pbl. § 63 gitt løyve til å dela i frå eit areal på om lag 1000 m² frå gnr/bnr 24/1 i Samnanger kommune. Tuft skal nyttast til kommunalt vassverk. Kjøpar av tufta er Samnanger kommune.

0015/03

INTERKOMMUNALT SAMARBEID PÅ VA SEKTOREN.

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune er open for eit formalisert interkommunalt samarbeid innan VA-sektoren. Samnanger kommune ønskjer i første omgang at det vert etablert eit interkommunalt driftsselskap.

Dersom eit slikt selskap ikkje vert realisert med det første, vil Samnanger kommune ta kontakt med Bergen kommune med tanke på å kjøpe tenester av dei innan drifts-, vakt- og beredskapsarbeid i Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune er open for eit formalisert interkommunalt samarbeid innan VA-sektoren. Samnanger kommune ønskjer i første omgang at det vert etablert eit interkommunalt driftsselskap.

Dersom eit slikt selskap ikkje vert realisert med det første, vil Samnanger kommune ta kontakt med Bergen kommune med tanke på å kjøpe tenester av dei innan drifts-, vakt- og beredskapsarbeid i Samnanger kommune.